

Nei til atomvåpen og fredsmarsjen til Minsk 1982

Bård Larsen, som blir presentert som historikar, har i Prosa 3/2014 ein omtale av Bent Jensens bok Ulve, får og vogtere. Omtalen bevegar seg utanfor boka og tek noko lettvint opp norsk fredsrørsle. Bård Larsen skriv mellom anna at Nei til atomvåpen var medarrangør av fredsmarsjen frå Stockholm til Minsk i 1982. Det er feil.

Eg var ein av tre personar som i 1979 tok initiativ til Nei til atomvåpen (opphavleg kalla Nei til nye atomvåpen) og var informasjonssekretær i Nei til atomvåpen i 1982. Nei til atomvåpen hadde ingenting med initiativet til fredsmarsjen til Minsk å gjere. Vi var ikkje medarrangør. Vi heldt avstand til marsjen fordi marsjen vart skipa til saman med den sovjetiske fredskomiteen, som spegla offisiell sovjetisk politikk.

Jon Grepstad